



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 05.09.2022

## **Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd**

**Møtedato:** 01.09.2022

**Møtetid:** Kl. 13.00

**Møtestad:** Høyanger kyrkjekontor

**Til stades:**

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Rolf Aamot, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

**Fråverande:**

Kenneth Førde, Frode Merkesvik

**Kopi av møteprotokollen går til:**

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Tonje Førde Systad, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

**Sakliste:**

**Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok**

Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknader. Til saklista vart innmeldt 2 ekstra vedtakssaker; 021/22 Godtgjersle til rådsleiarar, og 022/22 Forhandlingsutval for HKF. Sak 021/22 vert handsama først av vedtakssakene. Saklista vart deretter godkjent.

## **Meldingssaker**

- 32 Soknepresten har ordet** – Soknepresten snakka om vintreet og greinene.
- 33 Rekneskapsrapport 2022** – Rapporten vart gjennomgått i møtet av kyrkjeverja.
- 34 Kyrkjetenarstillingane** – Kyrkjeverja orienterte om status og vidare framdrift.
- 35 Digitale gravkart** – Produksjon og leveranse av digitale gravkart er fullført.
- 36 Trusopplæringskonferansen 2022 – 19. oktober 2022**  
Trusopplæringsnemnda vil kontakte potensielle deltakarar og oppmode dei til å melde seg på. Påmelding innan 16. september gjev rabattert pris.
- 37 Eigenandel for konfirmantaktivitetar**  
Etter lovverket har fellesrådet ansvar for å dekkje utgifter til leige av lokale til konfirmantundervisning. Utgifter som kjem til i samband med nattcup, konfirmant-weekend, kick-off, transport, mat og undervisningsmateriell osv. som fellesrådet betaler for, kan fellesrådet krevje dekka gjennom eigenandel pr. konfirmant. Eigenandelen har vore uforandra på kr. 1 550,- i over 6 år, og bør no kalkulerast på nytt ut frå kva som er planlagt framover, og kva det vil koste ut frå tal konfirmantar. Prisen må vere lik for alle konfirmantar i sokna, og evt. sponsing frå sokneråda bør samordnast.

### 38 **Kyrkjelydspedagogstillinga**

Kyrkjelydspedagogstillinga har vore lyst ut for 2. gong, no med søknadsfrist 12. august. Det er 2 søkjarar, og desse vert kalla inn til intervju. I intervjuutvalet deltek Sissel Vartdal, Andreas Ester, Bjørnar Otterstein og Torunn Styve. Vi legg opp til at det evt. vert fremja tilsetjingssak i fellesrådet sitt neste møte den 29. september 2022.

## **Vedtakssaker**

### **018/22 Kyrkjeveerjestillinga - tilsetting.**

Det var kome inn 2 søknader. Frå Kyrkjeleg administrasjonsutval låg det føre ein samrøystes uttale, som fellesrådet slutta seg til.

#### **Vedtak :**

Jan Edvard Gjersvoll vert tilsett som kyrkjeveerje i Høyanger. Stillinga vert å lyse ut på nytt dersom Gjersvoll avslår jobbtilbodet. Samrøystes.

### **019/22 Inndekning av rekneskapsmessig meirforbruk 2021**

Rekneskapsmessig meirforbruk for 2021 vart saman med revisjonsmelding lagt fram for fellesrådet og godkjent i sak 013/22 den 23.06.2022. Fellesrådet må vedta korleis meirforbruket skal inndekkast. På HKF sitt disposisjonsfond står det kr. 91 794,81.

#### **Vedtak:**

Meirforbruket i 2021 på kr. 85.336, og den udekkede posten i investeringsrekneskapsmessig meirforbruk, kr. 16.919 vert dekket inn ved bruk av midlane på disposisjonsfondet. Det resterande beløpet kr. 10 460,19 vert dekket inn gjennom innsparing i budsjett 2022. Samrøystes.

### **020/22 Revidert Budsjett 2022**

På grunn av endringar i ein del føresetnader som låg til grunn for revidert budsjett 2022 då det vart godkjent av HKF i møte den 17. mars 2022 i sak 007/22, er budsjettet no endra og vert lagt fram for fellesrådet til ny godkjenning. Endringane gjeld enkeltpostar som anten er auka eller er reduserte. Totalt budsjett er uendra og ligg på 6 108 651.

#### Dei aktuelle endringane er:

Auke i utgifter til telefon/data, annonseutgifter, forsikring, kyrkjegardslått, inndekning meirforbruk 2021 og tilskot/gåve til Lavik sokneråd.

Kutt i utgifter til vedlikehald instrument i alle kyrkjer, og kutt i arr./tilstelningar.

**Vedtak:** Revidert budsjett 2022 vert samrøystes godkjent med dei nemnde endringane.

### **021/22 Godtgjersle til rådsleiarar**

**Vedtak:** Godtgjersle til rådsleiarar vert kvart år med verknad frå 01.01.2023 fastsett slik:

Fellesrådsleiar:	29,7% av G pr. 01.05. året før.	Samrøystes.
Soknerådsleiarar:	7,7% av G pr. 01.05. året før.	Samrøystes.

### **022/22 Forhandlingsutval for HKF**

**Vedtak:** Fellesrådet vel leiaren, nestleiaren og den kommunale representanten i rådet som utvalsmedlemmer i møte med ny kyrkjeveerje i forhandlingar om ei ny arbeidsavtale. Avtala skal leggast fram for fellesrådet til endeleg godkjenning. Samrøystes.

For HKF:

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeveerje